



Mannsvatn, korleis vert det om det vert senka 1 meter?

**Eg las i Grenda i dag, 2.6., at NVE vil senke vassstanden i Mannsvatn med inntil ein meter under lågaste regulerte vasstand i perioden 1.august til 30.oktober 2016. I den samanheng melder det seg mange spørsmål, som eg håper det kjem eit ærleg svar på.**

- Kvifor kjem denne søknaden no, når prosessen med kraftverket er godt i gang og vanskeleg å reversere? Har det dukka opp noko ein ikkje kunne sjå før arbeidet starta?- Kva vil tiltaket tyde for miljøet i og rundt Mannsvatn, som t.d. har mange grunne område? - Vil vassstanden bli senka så langt ned berre dette eine året?

Når søknaden til NVE skal ut på såkalla avgrensa høyring, så håper eg at alle konsekvensar av tiltaket er kjende, slik at høyringsgruppa veit kva dei svarer ja eller nei på.

Mannsvatnet er ei perle i området vårt, og eg meiner at det er viktig å unngå alle inngrep som vil redusere kvaliteten.

Beste helsing  
Vidar Haugland

Foto: Ståle Eik  
Nett: Thor Inge Døssland